



Notat

Til: Stortinget sin kommunal- og forvaltningskomité, 2. mai 2017

Frå: Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane og Hordaland

PROP. 84 S (2016-17) NY INNDELING AV REGIONALT FOLKEVALT NIVÅ

Stortingsproposisjon lagt fram av kommunal- og moderniseringsdepartementet, 5. april 2017.

Høyring i kommunal- og forvaltningskomiteen, 2. mai 2017.

1. Intensjonsplan for samanslåing – vårt felles utgangspunkt for regionreforma

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar legg den framforhandla intensjonsplanen av 17.01.17 til grunn for Vestlandet fylkeskommune/Vestlandsregionen. Intensjonsplanen er handsama og godkjend i dei to fylkestinga. Fylkestinga ser det som ein føresetnad at regionreforma fører til at tal folkevalde regionar vert om lag 10 (reell regionreform). Fylkestinga stiller i fellesskap nokre klare vilkår for å etablere ein ny folkevald region. Vi tek her først utgangspunkt i desse vilkåra (jf. kap. 10 i intensjonsplanen):

a) Viktige samfunnsoppgåver blir overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.

Vi hadde venta forslag til fleire større konkrete oppgåver i stortingsproposisjon 84 S (2016-17). Nye og større folkevalde regionar vil ha gode føresetnader for å drive god regional samfunnsplanlegging samt for å tilby fleire viktige velferdstenester som staten leverer i dag.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane har gått imot at ansvaret for flyrutekjøp vert overført til regionane. Dersom dette likevel blir gjennomført, er vi samde om at eit absolutt krav vil vere at det vert gjeve eit tilstrekkeleg økonomisk grunnlag for slikt tenestekjøp regionalt. Vi er urolege for at staten ikkje følgjer dette opp.

Vi er elles positive til å overta ansvaret for statlege fiskerihamneanlegg, tilskotsmidlar innanfor landbruket, eit større forvaltningsansvar knytt til kulturområdet og FoU, større friluftss- og kulturminneoppgåver, sams vegadministrasjon og ei styrka regional planlegging – slik det er føreslege i stortingsproposisjonen.

b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til fylkeskommunane/regionane.

Vi stiller som vilkår at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til det regionale folkevalde nivået. Innanfor rammene av byveksttalen og lokalt tilpassa samarbeidsløysingar, vil det vere viktig å sikre Bergen kommune medverknad og styring av kollektivtransporttilbodet i byområdet.

c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.

Kommunestrukturen vi no får vil ikkje kunne handtere tannhelseområdet på ein effektiv og tenleg måte. Ei overføring av denne tenesta vil medføre ei rad interkommunale løysingar, eit mindre samordna tilbod, og etter kvart dårlegare tannhelsetilbod. Dette vil særskild kunne ramme innvandrargrupper.

- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye regionen.**
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.**
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.**

Regjeringa har vedteke delt lokalisering for fylkesmannsembetet mellom Bergen og Leikanger med om lag same tal tilsette og ikkje færre arbeidsplassar. Ei delt lokalisering vil syte for at innbyggjarane har same nærleik til tenestetilbodet som i dag.

Vi registrerer vidare at regjeringa til no ikkje har slege fast kvar Fylkesmannen skal vere lokalisert. Vi vil presisere at det er som ein del av den totale kabalen i oppgåvedelinga mellom Sogn og Fjordane og Hordaland at leiinga for fylkesmannsembetet skal leggjast til Sogn og Fjordane, medan Fylkeskommunen si leiing ligg i Hordaland. Vi ber om at leiinga av fylkesmannsembetet vert landa i tråd med den vedtekne intensjonsplanen, då dette er ein viktig føresetnad i planen og vedtaket til fylkestinget. Vi har merka oss at i dei andre regionane som har forhandla fram intensjonsavtale har regjeringa lytta til det som er framforhandla når det gjeld plassering av Fylkesmannen.

- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Hordaland.**

Generell kommentar til e), f) og g): Det er viktig med ei tenleg, oversiktleg og brukarfokusert arbeidsdeling i den nye regionen på Vestlandet. Fylkesmannsembetet må få ei regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Embetet må ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i både fylke, i vårt tilfelle med leiing frå Sogn og Fjordane. Dette er vi samde om.

Vi legg også til grunn at arbeids- og tenestelina i NAV får ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde nivået og dei nye fylkesmannsembeta sin geografiske struktur. Vi støttar i fellesskap opp om at leiinga for det nye regionale NAV-kontoret vert plassert i Hordaland, under føresetnad av at leiinga for det fylkesmannsembetet vert lagt til Sogn og Fjordane.

- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.**

2. Ekspertutval for fylkeskommunane/regionane sine framtidige oppgåver

Ekspertutvalet, som skal opprettast i samband med reforma, må få eit ope og fritt mandat. Deira innstilling må leggje til rette for at Stortinget kan overføre nye og viktige oppgåver til fylkeskommune. Fylkeskommunane må vere godt representerte i utvalet. Det vil vere meningslaust dersom departementet berre vel ut personar frå forskings- og universitetsmiljøa til eit slikt arbeid.

Vi meiner ekspertutvalet m.a. må få vurdere alle oppgåver innanfor BUF-etat, heile Kulturrådet og all regional vegadministrasjon. Ein bør også få vurdere oppgåver knytt til heile eller deler av

spesialisthelsetenestene. Dette er velferdstenester som bør liggje til den regionale politiske prioriteringsporteføljen. Det er vesentleg at ekspertutvalet får moglegheit til å vurdere nye alternativ og tenkje nytt. Statlege verksemdar kan i større grad nytte kompetansen i distrikts-Noreg, og slik bidra til utviklinga av sterke kompetansmiljø i heile landet.

3. Generalistprinsippet

Dersom nye regionar får svært ulike innbyggjartal, må Stortinget vurdere å fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa. Møre og Romsdal fylkeskommune har i dag t.d. eit innbyggjartal på 275.000. Slike tal må ikkje vere dimensjonerande for oppgåveoverføringa. Det vil vere det same som å premiere fylke som ikkje ville ta del i regionreforma - endå ein gong.

4. Samspel med kommunereforma

Vi stiller oss positive til at kommunar i Rogaland og Møre og Romsdal, som ønskjer å bli ein del av den nye folkevalde regionen på Vestlandet, får søkje om dette.

Jenny Følling
Fylkesordførar
Sogn og Fjordane

Roald Kvamme
Fung. fylkesvaraordførar
Hordaland